

Kulturarven

KYSTEN

INNLANDET

BYEN



Foto: Mathias Øvsteng

■ ÆRESPRISEN til Harald Grytten



TEMA Kulturminner i kommunene

- 5 nye Olavsrosen
- Samisk medisin

■ GJESTESKRIBENTEN RUNE ØYGARD, ORDFØRAR I VÅGÅ

VERN GJENNOM BRUK

Levande kulturminne ved Hardangerfjorden

Kaien er rommeleg og kan ta i mot mange gjestebåtar

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



(f. 1942) på Finnskogen. Aktiv journalist sidan han var 12 år, i Gudbrandsdølen/Lillehammer Tilskuer i 37 år, ei årrekkje politisk redaktør i Lillehammer Tilskuer. OL-reporter 1981-1996. Nå pensjonistjournalist i Uskedalen i Kvinherad, som nettredaktør for www.uskedalen.no.

Sommaren 2007 vart verkstaden, som ligg på grensa mellom Sunnhordland og Hardanger, enda meir attraktiv. Då vart ein nesten 20 meter lang og vel fire meter brei kai opna etter stor dugnadsinnsats frå bygdefolket. Opninga skjedde under den årlege, tradisjonelle bøkarkvelden som har kystkulturen som overskrift.. Det er overskotet av desse arrangementa som har gjort det mogeleg å satsa på ein

Bøkkerverkstaden nede ved Storsundet på Rød i Uskedalen er både eit einestående kulturminne og ein unik møteplass for tilskipingar av ymse slag.

slik kai, men det er likevel ikkje nok. Difor satsar leiinga på å skaffa inntekter ved å leiga ut Bøkkerverkstaden med kai til blåturgrupper, personalgrupper, lag og organisasjonar.

Det har vore eit mangeårig ynskje å få ei slik kai ved Bøkkerverkstaden, for at ein skulle kunne ta i mot folk som kjem sjøvegen – slik ein gjorde det i tidlegare tider. Nå er det berre fantasien som set grenser for originale måtar å komma til triveleg samvær i den høgst spesielle atmosfæren i den gamle verkstaden.

I byrjinga av juni i 2007 slo eit

brudepar an tonen – dei kom til og med luftvegen til bryllaupsfesten sin i verkstaden. Seinare har det vore fleire tilskipingar der – både av familiar karakter og anna slag.

Tønneproduksjon i tretti år

Men mange av dei som kjem til Bøkkerverkstaden i dag er nok heller "blanke" med omsyn til kunnskap om kva som har gått føre seg i dette huset med den digre og dominerande teglsteinspipa på landsida. Stutt sagt gjekk det her føre seg produksjon av tønner frå sist i 1880-åra til først på 1920-talet. På det meste var 10 bøkkarar i

arbeid i verkstaden, og nokre av dei budde oppe på loftet. Det var ikkje våningshus etter dagens standard, men roma låg inntil den store skorsteinen, og der var det nok ingen som fraus....

Verkstaden har elles vore nytta til så mangt, til dømes målingsblanding og danselokale under okkupasjonen. Den siste funksjonen var ideell, for staden er godt avgøymt nedtil fjordkanten.. Slik produksjon har vore viktig for mange lokalsamfunn langs kysten ned gjennom hundeara, og svært mange av småbrukarane både i Uskedalen og andre bygder henta velkomne inntekter på denne måten. Godt sildeinnsig ga støyten til verksemda. Far lærte son bøkharhandverket. Dei arbeidde tønner i eit uthus, i kjellaren eller kanskje i naustet. Særleg gjorde gardar med skog det godt på denne produksjonen, som på einskilde bruk vara heilt inn på 1940-talet.

Det var folket på bruksnummer tre på Rød som fekk bygd den etter måten store verkstaden, og det var truleg Jens Kristoffer Jensson som gjorde det. Han var son av Jens Jensson Myklebust og Kari Nilsdotter Skorpo og vart fødd i 1870. Folketeljinga for 1900 fortel at han dette året dreiv med tønneproduksjon. Seinare flytta han til Borgundøy saman med kona, Andrea fødd Dale. Utanfor verkstaden vart det i si tid sett opp eit lagerbygg med høve til innlasting rett frå lageret, men dette bygget vart reve og sett opp som løe av Helge Rød.

8-10 mann på det meste

Tønneverkstaden på Rød gav på det meste arbeid til 8-10 mann. Av folketeljinga for 1900 går det fram at det var 67 bøkharar i arbeid i kommunen, men det var berre slike som laga tønner i smått. Den store tønnefabrikken i Dimmelsvik litt nærare baronibygda Rosendal kom utanom og der kunne det vera meir enn 30-40 mann i arbeid. På eit bilete i Bygdesoga står det 34 arbeidadarar framfor fabrikken.

Det er dermed dekning for å seia at langt over 100 mann dreiv med produksjon av tønner i Kvinnherad rundt hundreårskiftet. Men yrket hadde vore viktig lenge. Til dømes



Bøkkerverkstaden ligg fint til ved Storsundet

Kaien vart til under stor dugnadsinnsats frå bygdefolket

heiter det i femårsmeldinga til amtmannen for bolken 1866-1870 at fartøybygging og tønneproduksjon sysselsette mange.

Bøkkaryrket var av amtmannen rubrisert under "sysselsætter mange hænder" og "give overskud til salg". På ein ti timars arbeidsdag laga kvar mann på det jamne 10 tønner. Men allereie på 1500-talet var det tønneproduksjon som ei attåtfnæring til

gardsbruket. Produksjonen var konjunkturbestemt og nær knytt til silde saltinga langs kysten. I bygdesoga står det at tønnefabrikken i Dimmelsvik skapte liv og rørsle, og at dei store skipa som kom frå Sør-Amerika med stav, førde med seg ein pust frå verda der ute. Det var ein bieffekt av tønneproduksjonen her inne i fjordane.

Over til større fabrikkar

Men i åra etter 1920 var det slutt



Den nye kaien vart uoffisielt opna med bryllaup, og det lukkelege paret kom luftvegen saman med forlovarane. Her står Sonja og Morten Framnes (brudepar) frå Tysvær og Rune Heggland og Sigrild Elise Bjerkeli (forlovarar) frå Haugesund

Eldsjel Kristian O. Bringedal nyt trekkspeltonane under bokkervelden 2008

ved dei mindre verksemdene. Med straum vart produksjonen automatisert og større tønnefabrikkar vart einerådande. Korleis var så arbeidsprosessen? Stikkordmessig kan den kort samanfattast slik: Først vart tønnestavane forma, og så sett saman ("å reise tønna"). Så kom fyring, driving, kryssing/ loggarbeid, forming av botnar, tønneband, isefjing av botnar og kontroll. Den som for moro har delteke i tønnereising under

sankomer i Bøkkerverkstaden, veit at det er ikkje berre enkelt! Då Bøkkerverkstaden vart gjenopna som museumshus i 1995, skreiv avisene at Kristian O. Bringedal hadde vore den store pådrivaren bak prosjektet, og det var ingen usamde i. I åra som har gått sidan, har han også vore den drivande kraft sjølv om Hallvard Rød eig verkstaden. Kristian Bringedal er ein institusjon for seg sjølv. Han er frå Uskedalen og eigentleg lærar,

men har gjennom ei årrekke vore kultursjef i Kvinnherad. Å ta vare på kulturminne og gje dei ein pedagogisk og meningsfylt funksjon i ei ny tid er ein av kjepphestane hans, og han har i høgste grad lukkast med det i heimbygda. Uskedalen har to kommunale museum – den nedlagde Haugland skule oppe i dalen og bygdetunet Rød nede ved fjorden og riksvegen. Bøkkerverkstaden er på sett og vis ein del av bygdetunet.

Eit kulturminne blir til

Men det byrja som det så ofte gjer med ei privat samling. På garden Dønhaug sentralt i bygda var dei flinke til å samla på bruksgjenstandar og alt som hadde med det gamle gardsbruket å gjera. Margrete Dønhaug gav på sine eldre dagar det som ho og mannen hadde samla til kommunen. Ho ville gjerne at samlinga skulle få sine egne lokale og bli eit lite separat bygdemuseum. Og slik gjekk det. Etter ei tid lukkast det kommunen å få disposisjonsretten over eit heilt lite småbrukstun på Rød, og der vart samlinga til Margrete plassert saman med dei minna som var der frå før.

Neste steg var naturleg: Bygdetunet hadde eit ynskje om å strekkja seg ned til fjorden, som hadde vore ferdaveg og matfat ned gjennom hundreåra. Og avtala som vart inngått i 1995, var ideell. Johannes Rød, som no er borte, var allfidd oppteken av at huset måtte bevarast for ettertida. Samtidig har det vore viktig å gjera verkstaden til eit levande museum. Huset er framleis i familien si eige, men samstundes blir det drive som ein del av museumsinstitusjonen Rødstunet. Mykje utstyr for tønneproduksjon er samla i verkstaden, og der sit gjestene mellom tønner, reiskap og høvelspon. I Dimmelsvik nokre steinkast unna var det også tønneproduksjon, men då på eit heilt anna nivå enn på Rød. Der var 100 menneske i arbeid for det meste, ofte under umenneskelege tilhøve med sterk varme. Framfor islandssesongen var det spesielt hektisk. Då gjekk det atskillig rolegare føre seg i bøkkerverkstaden på Rød.